



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
19/00022-5Dato  
20.02.2019

## Melding om vedtak: Høyrings svar - Nasjonal ramme for vindkraft på land

Formannskapet behandla saka i møte 18.02.2019 sak 8/19, og vedtok følgjande høyrings svar til Nasjonal ramme for vindkraft på land:

### Vedtak / høyrings svar:

*Ål kommune har bidrege mykje med grøn energi gjennom vasskraftutbygging. Vi ber om at det ikkje blir lagt opp til ytterlegare bruk av naturressursane i kommunen.*

*Dei delane av Ål kommune som ligg innanfor utgreiingsområde 6 Hallingdal, er dels viktige hytteområde (Sangeffjell – Rødungen i vest) og dels viktige friluftsområde for innbyggjarar og hyttefolk med stigar og skiløypenett. Dette området har lite tekniske inngrep og variert natur med mange små myrer og vatn.*

*Området som omfattar deler av Rødungen Nord, Tvist og Mjåvatn, ligg i Nordfjella Villreinområde. Det er eit ope fjell-landskap som ikkje tåler ytterlegare inngrep.*

*Ål kommune ber med dette om at områda som ligg i Ål vert trekt ut av planen av omsyn til landskap og friluftsliv.*

Med helsing

Solveig Vestenfor  
ordførar (sign.)

Tone Tveito Eidnes  
rådmann (sign.)

Godkjent og ekspedert utan underskrift